

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sjølvkost vatn og avløp



VOLDA KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «**Vatn og avløp Volda kommune**».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke administrasjonen i kommunen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 14.06.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innhold

Samandrag.....	5
1 Innleiing	7
1.1 Sjølvkost – vatn og avløp.....	7
2 Målsetting og problemstilling.....	8
3 Revisjonskriterium.....	8
3.1 Sjølvkost	8
4 Metode og gjennomføring	9
4.1 Dokument.....	9
4.2 Verifisering av data.....	9
4.3 Avgrensing	9
5 Deskriptiv analyse.....	9
5.1 Gebyrgrunnlaget for vatn og avløp	9
5.2 Årsgebyr vatn	10
5.3 Tilknytingsgebyr vatn	11
5.4 Årsgebyr Avløp	11
5.5 Tilknytingsgebyr avløp.....	12
6 Problemstilling 1:.....	14
6.1 Direkte kostnader	14
6.1.1 Revisjonskriterium.....	14
6.1.2 Fakta	14
6.1.3 Vurdering.....	16
6.2 Indirekte kostnader:	16
6.2.1 Revisjonskriterium.....	16
6.2.2 Fakta	17
6.2.3 Vurdering.....	19
6.3 Kapitalkostnadar.....	20
6.3.1 Revisjonskriterium.....	20
6.3.2 Fakta – Kapitalkostnadar	21
6.3.3 Vurdering – kapitalkostnadar	22
6.4 Varige driftsmiddel - anlegg	23
6.4.1 Fakta –avskrivningstid	23

6.4.2	Vurdering- avskrivningstid.....	23
6.5	Sjølvkostfond.....	23
6.5.1	Revisjonskriterium.....	23
6.5.2	Fakta - Handtering av fond tilhøyrande VA-området.....	24
6.5.3	Vurdering.....	26
7	Konklusjon.....	26
8	Rådmannen sin kommentar.....	27

Samandrag

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 33/16 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til sjølvkost innan vatn og avløp. Målsettinga for prosjektet er å vurdere om Volda kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innanfor vatn og avløp. Mål for prosjektet er å vurdere om kommunen sine utrekningar av kostnader er i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost, og kontrollere om overskot-/underskot innanfor tenesteområda er i tråd med gjeldande retningslinjer, medrekna bruk/avsetning av sjølvkostfond.

Direkte kostnader:

Kostnadane som kommunen har belasta sjølvkost for vatn og avløp var knytt til den respektive funksjonen/tenesteområdet heilt eller ved forholdsmessig fordeling.

Når det gjaldt lønskostnader hadde kommunen valt å føre alle lønskostnader direkte. Dette gjaldt også fordelte lønskostnader knytt til administrasjonen på teknisk. Kommunen har og gjort ei vurdering i høve kor mykje arbeid til tilsette i leiande stillingar som går med til administrasjon og kor mykje som kan knytast opp i mot VA-tenesta.

I høve fordelte lønskostnader knytt til utarbeidarane hadde kommunen ført desse på konto 12300 (vedlikehald byggetenester). Det går fram av KOSTRA-rettleiaren at art 230 skal kun omfatte innkjøp av varer/tenester frå andre. Kommunen bør vurdere å opprette ein eigen konto knytt til fordelt løn. Dette vil kunne bidra til at ein får ei betre oversikt over dei faktiske lønskostnadane kommunen har knytt til tenesta, og kva som gjeld kjøp frå andre.

Indirekte Kostnader:

Ein har også gått i gjennom kommunen sine interne kostnadsfordelingar og kommunen har gjort ei vurdering i høve tilleggs og støttefunksjonar som går fram av rettleiar og som ein bør ha med. Kommunen har utarbeida konkrete fordelingsnøklar for alle aktuelle tilleggsyttingar og støttefunksjonar kommunen har. Desse var i stor grad basert på fordelingsnøklar som rettleiaren gir rom for å nytte.

I høve samanlikning mellom kommunane er det vanskeleg å kunne vurdere kostnadane opp mot kvarandre på ein god måte, då kommunen har ulik organisering av interntenestene og ulike fordelingsnøklar. Totalt hadde Volda fordelte utgifter på 724 074kr. Dette var lågast av Hareid, Ulstein og Ørsta (sjå samanlikning side 25).

Kapitalkostnader:

Kommunen har berekna avskrivning og kalkulatorisk rente på anlegg/driftsmiddel tilknytt vatn og avløp. Kommunen har i stor grad nytta korrekt berekningsgrunnlag og kalkylerente i 2017. Ein såg differanse mellom avskrivingskostnaden i rekneskapen og i etterkalkylen til kommunen. Kommunen hadde belasta 107 582 kr for mykje på sjølvkostområdet for vatn i 2017, men dette har ikkje påverka sjølvkostfondet, då etterkalkyla har vore grunnlag for

bruk/avsetning til sjølvkostfondet. Kommunen bør avstemme rekneskapen mot anleggsregister i etterkalkyle.

Avskrivingsgrunnlag:

Kommunen ser ut til å ha teke utgangspunkt i anskaffelsekost ved berekning av avskrivingsgrunnlaget og trekt frå eventuelle investeringstilskot/anleggsbidrag. Kommunen ser derfor ut til å ha følgd retningslinjene for sjølvkost når det gjeld berekning av avskrivingsgrunnlaget.

Avskrivingsstid:

Gjennomgang av anleggsoversikta viste at kommunen har gjort ei vurdering i høve avskrivingsstid og i stor grad har følgd anbefalingane til rettleiar. Rettleiar vurderer leidningsnett til å vere 40 år og kommunen har nytta denne levetida på slike anlegg. Teknisk eining har gitt tilbakemelding om at ein vurderer nye rør i bakken til å ha ei levetid på 100 år. Ein vil minne kommunen om at ein kan gjere sine egne vurderingar i høve levetid om ein meiner at forslaga i rettleiaren ikkje gir korrekt bilde ved sine anlegg.

Sjølvkostfond:

Det går fram av rettleiar at sjølvkostfondet skal gå i balanse i løpet av ei 3-5 års periode. Kommunen hadde opparbeidd seg eit relativt stort avløpsfond i 2014 men kommunen har siste åra bruk av fondet slik rettleiar tilseier og gjekk tilnærma i balanse i 2017. Fondet for vatn hadde halde seg relativt stabilt siste åra. Kommunen har i dag ikkje vesentlig store sjølvkostfond og sidan fonda ikkje har akkumulert seg og nærmast gått i balanse i løpet av kontrollperioden har kommunen ivareteke generasjonsprinsippet i stor grad mht. tilbakeføring av overskotet til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år.

Volda kommune har egne fond for både vatn og avløp. Dei respektive årlege overskot/underskot er overført til sjølvkostfonda. Fonda er tillagt kalkulatorisk rente dei respektive åra og kommunen nytta i stor grad rentesats i samsvar med rettleiar, med nokon uvesentlege avvik i 2016 og 2017. Volda kommune har derfor i stor grad handtert overskot/underskot på rett måte i rekneskapen.

Konklusjon:

Gjennomgangen av sjølvkostområda viste at kommunen i stor grad har følgd lover og rettleiar. Ein har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som har resultert konkrete anbefalingar som kommunen må følgje opp, men ein vil kommentere to punkt kommunen kan vurdere:

- Kommunen bør nytte annen konto for fordelt lønn.
- Kommunen bør vurdere om alle kostander som vert definert som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.

1 Innleiing

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 33/16 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til sjølvkost innan vatn og avløp. Målsettinga for prosjektet er å vurdere om Volda kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innanfor vatn og avløp. Konkrete mål for prosjektet var å vurdere om kommunen sine utrekningar av gebyr for vatn og avløp er i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost, og kontrollere om overskot-/underskot innanfor tenesteområda er i tråd med gjeldande retningslinjer, medrekna avsetning / bruk av sjølvkostfond.

1.1 Sjølvkost - vatn og avløp

Fleire kommunale tenester har sjølvkost som øvre grense for lovlege gebyrinntekter, og sjølvkostberekninga er derfor av stor interesse. Nedanfor går det fram kort oppsummert noko av lovverket som gjeld for fastsetting av gebyr for vatn og avløp.

Det er lov om kommunale vass – og kloakkavgifter som regulerer avgiftsnivået for vatn og avløp. I forskrift om begrensing av forurensing kapittel 16 vert ramma for gebyra beskrivne:

«Vann- og avløpsgebyrer skal ikke overstige kommunens nødvendige kostnader for henholdsvis vann- og avløpssektoren. Ved beregning av selvkost bør det til enhver tid gjeldende retningslinjer for beregning av selvkost legges til grunn.»

Kommunen fastsett i forskrift reglar, berekning og innkrevjing av vatn- og avløpsgebyr, samt størrelsen på gebyra. Før kommunen fattar vedtak om størrelsen på gebyra, skal det ligge føre eit overslag av kommunen sine direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader på hhv. vatn - og avløpssektoren for dei nærmaste tre til fem åra. Overslaget skal om mogeleg utarbeidast med kommunen sin rullerande økonomiplan. Det skal også ligge føre eit overslag over kva gebyra vil innbringe.

Dei områda der sjølvkost skal nyttast som brukarbetaling må kommunen foreta en etterkalkulasjon av dei reelle kostnadene innanfor dei aktuelle tenesteområda. Dette må gjerast for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikkje overstig sjølvkost.

Sjølvkostrekneskapet kan framstillast på følgjande måte:

Inntekter	Kostnader
Gebyrinntekter	Direkte kostnader
	Indirekte kostnader (tilleggsytelse/støttefunksjon)
Eventuelle refusjonar/andre inntekter	Kapitalkostnader (Kalkulatorisk rente og avskrivningar)
Underskudd	
Overskudd	

Kommunen kan framføre et overskot frå sjølvkosttenesta til eit seinare år (innanfor ei 3-5 års periode). I praksis vil dette skje gjennom eit bunde driftsfond. Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader slik at gebyra kan holdast stabile.

2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga for prosjektet er å vurdere om Volda kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innan vatn og avløp. Konkrete mål for prosjektet var å vurdere om kommunen sine utrekningar av gebyr for vatn og avløp er i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost, og kontrollere om overskot-/underskot innanfor tenesteområda er i tråd med gjeldande retningslinjer, medrekna avsetning / bruk av sjølvkostfond.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. Vert vatn og avløp i Volda kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?

I problemstillinga vert det belyst sentrale element i sjølvkostkalkyla. Ein har bla. sett nærmare på:

- Direkte kostnader
- Indirekte kostnader
- Kapitalkostnader
- Sjølvkostfond

I tillegg vil ein utarbeide ei deskriptiv analyse med samanlikning av gebyr mellom nabokommunar (basert på rekneskapsdokument og KOSTRA).

Problemstillingane vert belyst ved hjelp av eit eller fleire revisjonskriterium som går nedanfor

3 Revisjonskriterium

3.1 Sjølvkost

Eit revisjonskriterium er dei lover, krav, normer og/eller retningslinjer som det undersøkte området skal vurderast opp i mot. I forhold til eit sjølvkostprosjekt på vatn og avløp har vi teke med og utleda revisjonskriterium frå følgjande kjelder:

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forureiningslova og Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

Ein har utleda revisjonskriterium under kvart enkelt kapittel i høve direkte kostnader, indirekte kostnader, kapitalkostnader og sjølvkostfond.

4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. I vår revisjon vil vi basere oss på dokumentanalyse og analyse av rekneskapsinformasjon. I den skriftelege dokumentasjonen inngår oppsett og berekningar i excel og tabellar i word. Vi har også motteke skrifteleg tilbakemelding frå administrasjonen kring kommunen si organisering og ansvarsfordeling innanfor sjølvkostområda.

I tillegg vart det gjennomført ei deskriptiv analyse over kommunen sin ressursbruk innanfor vatn og avløpsområdet, med utgangspunkt i kommunen si eiga rapportering til KOSTRA. Kommunen si rapportering vert samanlikna med nabokommunane og kommunar i same KOSTRA-gruppe.

4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Årsmeldingar
- Økonomiplan
- Spørjingar teke ut av rekneskapsystemet
- Interne dokument (fordelingsnøklar. Avskrivingskjema osv.)

4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, sendt til rådmannen for uttale den 12.09.18. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

4.3 Avgrensing

Kontrollen er avgrensa til i hovudsak å gjelde rekneskapsåret 2017 men ein har ved enkelte høve brukt data lenger bak i tid for å avdekke eventuelle trendar/utvikling.

5 Deskriptiv analyse

5.1 Gebyrgrunlaget for vatn og avløp

Kommunestyret vedtek gebyrregulativet årlig i tilknytning til behandling av årsbudsjett og økonomiplan. Kommunestyret får framlagt gebyrregulativet. I tillegg ligg det et forslag til anleggsplan i økonomiplanen. Det er kommunestyret som vedtar anleggsplanen. I økonomiplanen kjem også budsjetttrammer og målstyringsark for dei enkelte verksemdsområda fram.

Gebyrinntektene skil mellom tilknytingsgebyr og årsgebyr for hhv. vatn og avløp. Årsgebyret vert fakturert etter målt vassforbruk for dei abonnentane som har vassmålar, og etter areal/stipulert forbruk for dei andre abonnentane. Det vert hovudsaklege fakturert etter areal/stipulert forbruk.

Etter lov om kommunale vass- og kloakkavgifter skal det betalast eit eingongsgebyr for tilknytning til kommunale vatn- og/eller avløpsnett.

Geburet skal betalast:


- a. ved nybygg eller ved tilbygg eller påbygg
- b. når bebyggd eigedom blir knytt til kommunal vatn- og/eller avløpsledning
- c. bebyggelse av midlertidig art som oversitter tidsfrist på 3 år.

Tilknytingsgebyr skal berre betalast for dei bygg som er/skal bli fysisk tilkoplea det kommunale vatn- og/eller avløpsnett. Gebyrplikt gjelder der det blir oppført bygg eller anlegg med tilknytning til kommunale vann- og/eller avløpsleidningar uavhengig om området er regulert.

5.2 Årsgebyr vatn

Tabell og figur nedanfor er basert på tal frå KOSTRA og viser størrelsen på ein standardbustad på 120 m² bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa. Volda kommune har i perioden 2011 – 2017 hatt ei jamn auke i vassgebyr. Hareid og Sande har hatt dei høgaste årsgebyra knytt til vatn for perioden.


Forbruksgebyr vatn	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	2910	2910	2910	2910	2910	2910	2919
Ulstein	1871	2262	2331	2630	2751	2839	2839
Ørsta	1977	2077	2181	2246	2340	2363	2363
Volda	1780	1892	1918	2187	2362	2478	2479
Sande	3870	3870	4268	5134	5897	4904	5004
Hareid	4352	3957	3444	3498	3489	3921	4290



5.3 Tilknytingsgebyr vatn

Nedanfor er ei oversikt basert på tal i frå KOSTRA og viser tilknytingsgebyret knytt til ein standardbustad på 120 m2 bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa.

Tilknytingsgebyr vatn	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	7500	7500	7500	7500	7500	9000	5000
Ulstein	7000	7000	10000	10000	10000	10000	10000
Ørsta	15375	15600	15850	15850	16325	17235	17235
Volda	6000	6000	6000	6000	6000	6000	6000
Sande	10000	10000	10000	10000	12500	13000	13260
Hareid	5000	5000	5000	5000	5000	5000	5000




Ein ser ut i frå oversiktene ovanfor at tilknytingsgebyret i høve vatn har halde seg relativt stabilt dei siste åra for dei fleste kommunane. I Volda har tilknytingsgebyret heldt seg stabilt heile perioden og kommunen låg under gjennomsnittet for nabokommunane. Ørsta kommune hadde det høgaste tilknytingsgebyret for heile perioden.

5.4 Årsgebyr Avløp

Tabell og figur nedanfor er basert på tal i frå KOSTRA og viser størrelsen på ein standardbustad på 120 m2 bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa. Herøy har hatt dei høgaste avløpsgebyra av kommunane på Søre Sunnmøre i perioden. Volda har hatt dei lågaste årsgebyret av kommunane på Søre Sunnmøre.

Årsgebyr avløp	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	2928	2928	2489	2489	2489	2489	2489
Ulstein	1210	1573	1652	2074	2234	2299	2368
Volda	1261	1249	1279	659	676	1384	1418
Ørsta	1938	2131	2179	2310	2311	2310	2310
Sande	2217	2217	2562	2664	3147	2518	2711
Hareid	1719	1719	1779	2010	2078	2209	2299
Herøy	3440	3612	3793	3983	4062	4184	4310




For Volda såg ein ei årleg auke i årsgebyr for avløp i perioden 2011-2013. I 2014 og 2015 vedtok kommunen halvt årsgebyr. I 2016 og 2017 tilbake på «normalt» årsgebyr og ein såg ei lita auke frå tidlegare år.

5.5 Tilknytingsgebyr avløp

Nedanfor er ei oversikt basert på tal i frå KOSTRA og viser tilknytingsgebyret for avløp kytt til ein standardbustad på 120 m² bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa. I Volda har tilknytingsgebyret vore stabilt i heile perioden 2011-2017 på 12 000kr.

Tilknytingsgebyr avløp	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	7500	7500	7500	7500	9000	9000	9000
Ulstein	12000	15000	15000	15000	15000	15000	15000
Ørsta	20800	21130	21130	21765	22418	22978	22978
Volda	12000	12000	12000	12000	12000	12000	12000
Sande	10000	10000	10000	12500	12500	13000	13390
Hareid	5000	5000	5000	5000	5000	5000	5000
Herøy	15000	15000	15000	15000	15000	15000	15000



Ser ein tilknytingsgebyret i samanheng med årsgebyret viser det at mange av kommunane som hadde låge årsgebyr, hadde høge tilknytingsgebyr. Høge tilknytingsgebyr kan føre til større svingingar i inntektene til kommunen kvart år, avhengig av kor mange som knyt seg på det kommunale nettet. For Volda kommune såg ein relativt låge års- og tilknytingsgebyr.

6 Problemstilling 1:

Vert vatn og avløp i Volda kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?

6.1 Direkte kostnader

6.1.1 Revisjonskriterium

Kjerneproduktet: Beskriv sjølve basisen i tenesta og den grunnleggande tenesta som brukaren betalar for. Innhaldet i kjerneproduktet er den arbeidsinnsats og bruk av varer og kapital som kommunen nyttar for å tene brukarane.

Direkte kostnader er dei kostnader som direkte eller umiddelbart kan knytast opp i mot den aktuelle tenesta. Dette gjeld både faste og variable direkte kostnader. Direkte kostnader kan også kallast kostnader til kjerneproduktet, dvs. alle kostnader som er direkte knytt opp i mot den tenesta brukaren opplever at han/ho mottek frå kommunen, og som brukaren skal betale for. Alle slike direkte kostnader skal skal henførast til den aktuelle tenesta. Alle direkte kostnader forbunde med å yte tenesta skal inngå i kalkylen. Eksempel på dette vil vere: Lønn til tilsette, kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen og eventuelle overføringar.

Når det gjeld direkte lønnskostnader er dette lønnskostnader som avgrensar seg til kjerneproduktet, og utgangspunktet er at stillinga skal vere klart avgrensa til tenesta. Oppsummert vil direkte henførbare lønnskostnader mv. til kjerneproduktet være:

- Lønnskostnader til stillinger som er 100 % henførbare til kjerneproduktet
- Andel av lønnskostnader til stillinger som er knyttet til flere tjenester, når andelen er henførbar til kjerneproduktet
- Andel av lønnskostnader til stillinger som er knyttet til administrativ leining, når andelen er henførbar til kjerneproduktet

6.1.2 Fakta

Er kostnader ført på vatn og avløp direkte henførbare til tenesta?

Dei direkte kostnadane knytt til vatn og avløp i Volda kommune er ført på funksjonane (340-345) for vatn og (350-353) for avløp i kommunerekneskapen. Ein har gått igjennom dei ulike kostnadskontoane (konto 10***- 15***) på dei ulike funksjonane. Ein har for 2017 kontrollert eit utval fakturaer, der ein har sett på om desse direkte kan knytast opp i mot vatn og avløpstenesta.

For begge dei to funksjonane var dei største kostnadane knytt til fast løn, fast løn vedlikehald, anna forbruksmateriell, straum, vedlikehald byggetenester, materialar til vedlikehald og konsulenttenester.

Alle dei kontrollerte fakturaane var direkte knytt opp i mot funksjonane vatn og avløp. Anten i si heilheit eller at delar av fakturaane kunne knytast direkte mot funksjonen. Typisk

eksempel på faktura der ein såg ei kostnadsfordeling mellom ulike funksjonar var gravearbeid knytt til vedlikehald der kostnadane var fordelte mellom veg, vatn og avløp.

Nedanfor går fram ei oversikt over dei direkte kostnadane og inntektene til kommunen på vatn og avløp i perioden 2015- 2017 fordelt på dei ulike kostnad-/inntektssartane:

Driftsutgifter og inntekter 2015- 2017	Vatn			Avløp		
	2 015	2 016	2 017	2 015	2 016	2 017
Konto 10*** Løn (Fastløn, fast løn vedlikehald o.l.)	1 022 549	1 327 984	1 051 028	1 217 863	1 264 050	1 255 543
Konto 11*** Varer og tenester i kommunal egenproduksjon (Forbruksmateriell, straum o.l.)	1 429 191	1 649 572	1 517 210	586 135	731 736	751 799
Konto 12*** Varer og tenester i kommunal egenproduksjon (Vedlikehald byggetenester, material til vedlikehald, konsulenttenester o.l.)	5 497 983	5 237 205	4 952 859	2 301 368	2 856 975	1 578 218
Konto 13*** Tenester som erstatter komm. Tenester (kjøp frå andre)	514 722	407 843	421 357	397 413	318 945	302 718
Konto 14*** Overføringsutgifter	21 419	65 563	56 754	414	531	3 575
Konto 15*** Avskrivningar og morarente (Avskrivningar, kalkulatoriske renter og avdrag)	2 291 059	2 402 157	3 087 794	1 714 311	1 940 365	2 317 656
Konto 15505 Avsetning til bundne fond	2 390 028	4 309 858	5 758 576	-	-	2 853 256
Sum driftsutgifter	13 166 950	15 400 182	16 845 578	6 217 504	7 112 603	9 062 764
Inntekter 16***-19***	- 10 269 845	- 11 683 258	- 11 794 864	- 3 176 425	- 3 477 417	- 6 466 195
Konto 19505 Bruk av fond	- 3 023 326	- 3 691 069	- 4 944 061	- 3 041 079	- 3 635 186	- 2 596 569
Sum driftsinntekter	- 13 293 171	- 15 374 327	- 16 738 926	- 6 217 504	- 7 112 603	- 9 062 764
	- 126 220	25 855	106 652	-	-	-

For både vatn og avløp ser ein at lønskostnadane (konto 10*) har heldt seg relativt stabilt dei tre åra. For varer og tenester i kommunal eigenproduksjon (konto 11*) såg ein ei marginal auke over dei tre åra. For konto gruppe 12* og 13* såg ein reduksjon i utgifter, medan ein såg ei auke knytt til konto 15* som gjeld avskrivningar og kalkulatoriske renter.

Ein registrerte ein mindre differanse på funksjonen for vatn dei tre åra. Dette vert vidare kommentert under kapittel 6.3.2.

Direkte lønskostnadar:

Dei direkte

lønskostnadane gjeld fastløn, variabel løn og sosiale utgifter.

Oversikta viser korleis utgiftene fordelte seg mellom dei forskjellige artane.

	Vatn (340-345)	Avløp (350-353)
Fast løn 10100	108 073	411 012
Fast løn vedlikehald 10700	441 587	486 412
Variabel løn	352 277	130 317
Sosiale utgifter	149 088	227 800
SUM fast løn	1 051 027	1 255 542
Ute.arb (konto12300)	2 576 510	769 604
Sum fast og utarbeiderar	3 627 537	2 025 146

Lønsutgiftene knytt til fast lønn var knytt til kommunen sin VAR- konsulent der det var fordelt 108 073 kr på både vatn og avløp i 2017. I tillegg var det på funksjon 353 kloakknett

ført 302 939kr som er knytt til leiar - anlegg og drift. På konto « fast løn vedlikehald» hadde kommunen ført lønskostnader knytt til to fagarbeidarar på vatn og avløp (avd.leiar).

Utover dette registrerar ein at Volda kommune fører fordelte lønskostnader i høve vatn og avløp (stillingar knytt til uteseksjonen) på konto 12300 «vedlikehald byggetenester» . I tillegg var det fordelt ut lønskostandar knytt til ingeniør teknisk.

6.1.3 Vurdering

Kontroll av eit utval fakturaer og lønskostnader viste at desse var direkte knytt opp i mot funksjonane vatn og avlaup, anten i si heilheit eller delvis. Direkte kostnader som kommunen har belasta sjølvkost for vatn og avlaup er direkte henførbare til tenesta.

I høve fordelte lønskostnader knytt til utarbeidarane hadde kommunen ført desse på konto 12300 (vedlikehald byggetenester). Det går fram av KOSTRA-rettleiaren at art 230 skal kun omfatte innkjøp av varer/tenester frå andre. Kommunen bør vurdere å opprette ein eigen konto knytt til fordelt løn. Dette vil kunne bidra til at ein får ei betre oversikt over dei faktiske lønskostnadane kommunen har knytt til tenesta, og kva som gjeld kjøp frå andre.

6.2 Indirekte kostnader:

6.2.1 Revisjonskriterium

«Indirekte kostnader er henførbare når interntjenesten bidrar til å skape en helhetlig tjeneste for brukerne. Indirekte kostnader er deler av kostnader som i KOSTRA er henført til administrasjonsfunksjonen eller funksjonen for kontroll og revisjon. Fordelingsmetode for indirekte kostnader i selvkostkalkylen bør primært være en som best gir utrykk for bruken av interntjenesten. Alternativt brukes selvkosttjenestens andel av kommunens brutto driftsutgifter som fordelingsnøkkel.»

Administrasjon

Kostnader knytt til administrativ leiging og utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for politisk leiging skal ikkje vere med i kalkylen. Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggest inn i sjølvkostkalkylen.

Internteneste med fordelingsnøkkel

I sjølvkostrettleiaren går det fram ei oversikt over dei indirekte tenestene som ein anbefaler skal inngå i sjølvkostkalkyla. Oversikta går fram nedanfor. Fordelingsmetoden for dei indirekte kostnadane skal i størst mogeleg grad reflektere sjølvkosttenesta sin bruk av interntenesta. Derfor er det viktig å bruke relevante fordelingsnøklar for berekning av tenestene. I dei tilfelle kontoplanen ikkje er detaljert nok eller om ønska fordelingsnøkkel ikkje let seg framskaffe, kan kommunen bruke andel av brutto driftsutgifter.

Sjølvkostrettleiaren sine anbefalingar:

Nr	Internteneste	Beskriving	Eks. fordelingsnøkkel
1	Rekneskap	Inngående faktura, leverandørreskontro internt og eksternt rekneskap mv.	Andel bilag, brutto driftsutgifter
2	Innfordring	Utgående faktura, kundereskontro	Utgående faktura
3	Lønn	Lønnsutbetalinger, pensjon	Andel tilsette
4	Revisjon	Revisjon	Brutto driftsutgifter, andel bilag
5	Personalteneste	HR-funksjon	Andel tilsette
6	HMS	Bedriftshelseteneste, arbeidsmiljøutvalg osv.	Andel tilsette eller årsverk
7	Sentral opplæring	Eksterne kurs og konferansar	Faktisk bruk
8	Kantinedrift	Kantine	Andel tilsette som har tilgong til kantine
9	Kopiering og trykkeriteneste	Drift av kopiering og trykkeriteneste	Faktisk bruk
10	IKT- teneste	Anskaffelse, drift og vedlikehold samt brukarstøtte til fellessystema	Andel tidsbruk (sekundært andel pc-ar eller årsverk)
11	Felles post, arkiv- og sentralbord	Drift av felles post-, arkiv- og sentralbordfunksjon	Faktisk bruk, antal dokument eller årsverk
12	Juridisk bistand	Kommunen si eining for juridiske teneste	Faktisk bruk

6.2.2 Fakta

6.2.2.1 Indirekte kostnader:

Tabellen nedanfor viser utviklinga av dei indirekte kostnadane som har vore belasta sjølvkostområda dei siste åra.

Oversikta nedanfor viser fordelinga og utviklinga av dei indirekte kostnadane (fordelte utgifter frå sjølvkostområdet) i Volda kommune i perioden 2014-2017.

I hovudsak for perioden er det på vatn og avløp 6 område som har blitt fordelt. I tillegg til dei månedlege timane til «utearbeidarane» og maskinpark som har blitt ført direkte.

Indirekte kostnader	2015	2016	2017
Revisjon	97 746	73 512	73 460
Samfunn og rådgjeving	13 838	12 591	19 139
Seksjon IKT	77 502	81 905	92 049
Løn og personal	107 072	121 017	89 365
Økonomi	679 582	526 284	564 333
Servicekontor	107 821	113 218	106 563
Fordelt på Vatn	514 722 (47,5%)	407 843 (43,9%)	421 357 (44,6%)
Fordelt på avløp	397 413 (36,6%)	318 945 (34,3%)	302 718 (32%)
SUM fordelte utgifter på vatn og avløp	912 135	726 788	724 075
Fordelt på feiing	171 426 (15,8%)	201 740 (21,7%)	220 809 (23,3%)
SUM totale fordelte utgifter	1 083 561	928 528	944 883

Som det går fram av tabellen ovanfor blei det i 2017 fordelt ut 724 075kr på vatn og avløp. Dette er ei nedgong frå 2015 der 912 135 blei fordelt ut på dei to funksjonane. Ein registrerar at fordelinga mellom dei ulike funksjonane har variert dei tre åra, men generelt sett har det vore fordelt ca 10% meir på vatn enn på avløp.

6.2.2.2 Kalkyle over tilleggs- og støttefunksjonar:

Kommunen fekk i 2014 utarbeida eit kvalitetssikringsprosjekt av sjølvkost for vatn, avløp og feiing i samarbeid med Telemarksforsking. Ein har fått tilbakemelding med administrasjonen at fordelingsnøkklane knytt til dei indirekte kostnadane i 2017 vart utarbeida i samarbeid med prosjektet. Nedanfor går det fram ei oversikt over dei ulike indirekte kostnadane og fordelingsnøkklane som har vore nytta:

Ansvar	Fordelingsnøkkel
Revisjon	Posteringslinjer drift
Samordnings- og utviklingsstab	Brutto driftsutgifter
IKT-tenester	Brutto driftsutgifter
Personalteneste	Brutto driftsutgifter
Økonomi inkl. rekneskap og innfordring	Posteringslinjer drift
Servicekontor	Brutto driftsutgifter
Leiar kommunalteknisk	Faktisk bruk- fordelt direkte
Velferds- og personalpolitiske tiltak	Ikkje aktuelt
Sentral opplæring	Ikkje aktuelt
Kantinedrift	Ikkje aktuelt
Kopiering og trykktjeneste	Faktisk bruk - fordelt direkte
Juridisk bistand	Faktisk bruk - fordelt direkte

Når ein samanliknar dei indirekte kostnadane som kommunen har fordelt ut opp i mot tilleggs- og støttefunksjonane som rettleiaren anbefaler registrerar ein i stor grad samsvar mellom kostnadane som kommunen har teke med og kostnadane som rettleiaren anbefaler skal vere med. For fleire av interntenestene anbefaler rettleiaren at antal tilsette og årsverk skal nyttast som grunnlag. Volda kommune har nytta brutto driftsutgifter som fordeling, og rettleiaren gir også rom for dette. For revisjon og økonomi har kommunen nytta posteringslinjer drift. Rettleiaren anbefalar at det skal nyttast andel bilag. Ein fekk tilbakemelding frå økonomiavdelinga om at det i samband med gjennomgang av Telemarks forking i 2014 blei gjort ei vurdering med hensyn til å nytte posteringslinjer.

Ein registrerar også at enkelte tenester/kostnader er fordelt direkte etter faktisk forbruk.

6.2.2.3 Indirekte kostnadar samanlikna med Hareid, Ulstein og Ørsta

I tabellen på neste side har ein lagt inn dei indirekte kostnadane for Volda, og kommunane Ulstein, Ørsta og Hareid, då liknande forvaltningsprosjekt har vore gjennomført i 2015-2018.

Ein har prøvt å plassere kostnadane opp i mot kvarandre. Dette er gjort etter «beste skjønn og evne». Det er viktig å presisere at ein har teke utgangspunkt i det som har vore fordelt mot

funksjonane 340/345 og 350/353 som gjeld vatn og avløp. Som det går fram av tabellen hadde Volda totalt fordelte utgifter på 724 074kr. Hareid hadde 1 513 023kr, Ulstein 1 285 587 kr og Ørsta 929 360 kr.

Tabell: Indirekte kostnader samanlikning mellom Volda, Hareid , Ulstein og Ørsta

Volda 2017	Fordelt vatn	Fordelt avløp	Totalt fordelt VA	Hareid 2017	Totalt fordelt VA	Ulstein 2015	Totalt fordelt VA	Ørsta 2015	Totalt fordelt VA
Revisjon	26129	22233	48 362	Revisjon	8 922	Kommunestyre og fo	67 158		
Samordnings- og utviklingsstab	10871	5938	16 809			Revisjonen	9 592		
						Kontollutvalg	6 198		
						Bedriftshelsetenes	5 407		
						Kompetanseutviklin	518		
						Felles kontigentar	10 865		
						Felleskostnader	2 306	Fellesutgifter	64 863
				Fellesutgifter	110 802	Felleskostnader	72 911	Eigdomsforv.	33 449
SUM Felles	37000	28171	65171	SUM Felles	119724	SUM Felles	174 954	SUM Felles	98 312
Servicekontor	60515	33053	93568	Servicekontor	0	Serviceforretning	37 520	Servicekontor	45 171
Økonomi ink. Rekneskap og innfordring	200728	170795	371 523	Økonomi ink. rekneskap	192 566	Økonomibistand.	141 350	Økonomistab	29 700
				Fakturering og innfordring	323 573	Fakturering og innfordring	228 619	Kommunekassa	557 163
							0		
SUM Øk/fak/personal	200728	170795	371 523	SUM Øk/fak	516 139	SUM Øk/fak/personal	369 969	SUM Øk/fakt/personal	586 863
Personaltjeneste	50 762	27726	78 488	Lønn og personal	24614	Lønn og personal	100217	Lønn og personal	122514
IKT-tjeneste	52286	28558	80 844	IKT-tjeneste	0	EDB-avdeling	63 018	IKT-drift	76 500
Påslag kapitakostnader	20065	14415	34 480						
				Vedlikehold bygg og lager	9748				
				Vedlikehold bygg og lager	-236				
				Vedlikehold bygg og lager	843 034				
						Administrasjon tek	170 844		
						Oppmåling/reguleri	143 005		
						Brann og redning	210 345		
						Frikjøp HTV	15 715		
SUM totalt	421 356	302 718	724 074		1 513 023		1 285 587		929 360

Volda kommune har om lag 200 000kr lågare indirekte kostnader enn Ørsta og 500 000kr lågare enn Ulstein. I høve Hareid hadde kommunen nesten 800 000kr lågare fordelte utgifter. Ulstein hadde fordelt lønskostnader knytt til administrasjon/stab/støtte (funksjon 120) som indirekte kostnad. Volda, Hareid og Ørsta hadde ikkje fordelt slike lønskostnader. Ser ein vekk i frå desse utgiftene, ligg Ulstein og Ørsta på relativt same utgiftsnivå. Når ein samanliknar utgiftene mellom Ørsta og Volda såg ein størst forskjell mellom utgifter knytt til økonomi/ fakturering og personal der Ørsta har nesten 300 000kr meir i utgifter enn Volda. Samanliknar ein Volda og Hareid ser ein at den største forskjellen er at Hareid har ført 843 034 kr knytt til vedlikehald.

6.2.3 Vurdering

Det er vurdert kommunen sine interne kostnadsfordelingar. Kommunen har gjort ei vurdering i høve tilleggs- og støttefunksjonar som går fram av rettleiar. Kommunen har utarbeida konkrete fordelingsnøklar for alle aktuelle tilleggsytningar og støttefunksjonar

kommunen har. Dette var i stor grad basert på fordelingsnøklar som rettleiaren gir rom for å nytte.

I høve samanlikning mellom kommunane er det vanskeleg å kunne vurdere kostnadane opp mot kvarandre på ein god måte, då kommunane har ulik organisering av interntenestene og ulike fordelingsnøklar. Samanliknar ein totale fordelte kostnadane opp i mot fordelte kostnadar hadde Volda generelt sett eit kostnadsnivå som låg under nabokommunane. Kommunen bør vurdere om alle kostnader som vert definert som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.

6.3 Kapitalkostnadar

6.3.1 Revisjonskriterium

Kapitalkostnadar er ein kostnad som vert berekna som følgje av at det enkelte årsrekneskap ikkje gir eit korrekt bilde av inntening og kostnad for betalingstenesta ved ein del større investeringar. Kapitalkostnadane kan delast inn i to element:

- Avskrivingskostnadar – forringelse av verdien til eit driftsmiddel grunna slitasje og alder.
- Alternativkostnader (kalkulatorisk rentekostnad) – den avkastninga kommunen alternativt kunne oppnå ved å plassere pengar tilsvarande investeringsbeløpet i marknaden.

Driftsmiddel

Varige driftsmiddel har som regel ein bruksverdi i eit begrensa antal år. Skal bruken av ressursar framstillast økonomisk, må den økonomiske verdien av ressursen som gradvis vert brukt, bereknast/vurderast. Den økonomiske verdien kan være gitt ved kva driftsmiddelet opphavleg kosta kommunen, eller kva tilsvarande driftsmiddel ville koste kommunen i dag.

Berekningsgrunnlag for kapitalkostnadar

Utgangspunktet for berekning av kapitalkostnadane er at netto anskaffelseskost ved ei investering vert fordelt over den perioden eigedelen er i bruk. På denne måten vert brukarbetalingane knytt direkte opp mot bruken av eigedelen. I forbindelse med nye retningslinjer for berekning av sjølvkost blei det innført eit nytt prinsipp for berekning av kapitalkostnadar. Tidlegare blei det nytta eit annuitetsprinsipp ved berekning, men frå 2003 gjekk ein over til lineære avskrivningar. Ei lineær avskrivning gir samla sett best kostnadsbilde (samsvar mellom opphavleg utlegg og summen av avskrivningar gjennom perioden), rett tidsaspekt (gir et rimelig bilde av kapitalslitet/verditapet i året) og anvendbarheit (enkel å praktisere) ved berekning av avskrivningar.

Historisk anskaffelseskost skal nyttast ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla. Investeringsstilskot/anleggsbidrag skal trekkjast frå anskaffingskostnaden ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla.

Avskrivningstid

Det går fram av forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) ei oversikt over kva avskrivningsperioder som skal leggest til grunn:

- 5 år: EDB-utstyr, kontormaskiner og lignende.
- 10 år: Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidler og lignende.
- 20 år: Brannbiler, parkeringsplasser, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjoner, forbrenningsanlegg og lignende.
- 40 år: Boliger, skoler, barnehager, idrettshaller, veier og ledningsnett og lignende.
- 50 år: Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sykehjem og andre institusjoner, kulturbygg, brannstasjoner og lignende.

Anleggsmidler skal vurderes til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid, skal avskrives med like store årlige beløp over levetiden til anleggsmiddelet

Alternativkostnad (kalkulatorisk rente)

Alternativkostnaden (kalkulatorisk rente) skal reflektere kommunens rentekostnad på lånefinansierte anleggsmidler samt bortfall av renteinntekt på egenkapitalfinansierte anleggsmiddel over tid. For kapitalintensive betalingstenester vil val av kalkulatorisk rente ha vesentlig betydning i sjølvkostkalkyla. Fram til 2015 blei kalkylerenta utrekna etter nivået på 3 årig statsobligasjonsrente pluss eit tillegg på 1 prosentpoeng. Etter ny rettleiar skal kalkylerenta settast til nivået på 5-årig swaprente pluss et tillegg på ½ prosentpoeng. Det skal nyttast gjennomsnittlig nivå for kalkyleåret (etterkalkylen).

Statistikk frå Norges bank viser følgjande rentesats for 5årig SWAP + ½% (2014 -2017).

År	Rentesats frå Norges bank	
2017	1,98%	(5 årig SWAP +0,5%)
2016	1,68%	(5 årig SWAP +0,5%)
2015	1,94%	(5 årig SWAP +0,5%)
2014	2,68 %	(5 årig SWAP +0,5%)

Alternativkostnaden skal bereknast for alle anskaffingar av varige driftsmiddel.

Berekningsgrunnlaget er årets gjennomsnittleg verdi av netto anskaffelseskostnad.

Alternativkostnaden er lik årets berekningsgrunnlag multiplisert med årets kalkylerente.

6.3.2 Fakta - Kapitalkostnader

Avskrivingskostnad og kalkulatorisk rente

Når kommunen skal berekne avskrivingskostnader skal historisk anskaffelseskostnad nyttast som avskrivingsgrunnlag. Nyinvesteringar skal takast med i avskrivingsgrunnlaget frå og med året etter at bygget/anlegget er tatt i bruk og investeringstilskot/anleggsbidrag kjem til frådrag i avskrivingsgrunnlaget. Kommunen har trekt frå evt.investeringstilskot.

Kommunen har regna ut avskrivingskostnaden manuelt i rekneark, og ein har kontrollert driftsmiddel knytt til vatn og avløp for 2017. Ein registrear at kommunen i 2017 har nytta 5årig SWAP-rente + eit påslag på 0,5% som i 2017 utgjorde 1,98%. I tillegg har berekningsgrunnlaget for rentekostnaden vore gjennomsnittleg balanse på anleggsmidlane (inngående balanse+ utgåande balanse)/2) slik rettleiaren anbefaler.

Nedafor går det fram ei oversikt over dei direkte kapitalkostnadane som kommunen har belasta i rekneskapen og tal frå kommunen si etterkalkyle for 2017. Ein har gått igjennom anleggsoversikta og kontrollert om det var samsvar mellom kalkyla og rekneskapen samt at alle egedelane som gjaldt funksjonane var teke med.

		Rekneskap 2017	Kommunen si etterkalkyle	Differanse
Vatn	Avskrivningar	2 127 287	2 019 705	107 582
Vatn	Kalkulatorisk rente	992 228	992 228	0
Avløp	Avskrivningar	1 633 664	1 633 664	0
Avløp	Kalkulatorisk rente	689 412	689 412	0

Som det går fram av oversikta hadde kommunen belasta 2 127 287 kr i avskrivingskostnad på vatn og 1 633 664kr på avløp. Det var belasta kalkulatorisk rente på dei to områda med hhv. 992 228kr på vatn og 689 412kr på avløp.

Ein såg differanse mellom avskrivingskostnaden på funksjon for vatn og kommunen si etterkalkyle samanlikna med det som hadde vore belasta rekneskapen. I rekneskapen var det belasta totalt 2 127 287 kr medan i kommunen si etterkalkyle var det belasta 2 019 705 kr dette utgjorde ein differanse på 107 582 kr. Gjennomgang og tilbakemelding frå økonomiavdelinga avdekkar at differansen skuldast avskrivning av eit anlegg som ikkje skulle vere belasta sjølvkostområdet, og differansen gjeld ikkje investeringstilskot/anleggbidrag. Rekneskapen (funksjon vatn) viser at bruk /avsetning til sjølvkostfond er gjennomført i samsvar med etterkalkyle, og derfor er ikkje sjølvkostfondet påverka av ovannemnde feil. For åra 2015 og 2016 såg ein også differanse på funksjonen for vatn, utan det er undersøkt nærmare om årsaka kan vere feil.

6.3.3 Vurdering – kapitalkostnadar

Kommunen har berekna avskrivning og kalkulatorisk rente på anlegg/driftsmiddel tilknytt vatn og avløp. Kommunen har i stor grad nytta korrekt berekningsgrunnlag og rett kalkylerente i 2017. Ein såg differanse mellom avskrivingskostnaden i rekneskapen og i etterkalkylen til kommunen. Dette har ført til at kommunen hadde belasta 107 582 kr for mykje i rekneskapen på funksjon for vatn, men etterkalkyla har blitt nytta som grunnlag ved bruk/avsetning til sjølvkostfondet. Kommunen bør avstemme rekneskapen mot anleggsregister i etterkalkyle.

6.4 Varige driftsmiddel - anlegg

6.4.1 Fakta -avskrivningstid

Kommunen nyttar lineære avskrivningar. Gjennomgangen av anleggsoversikta viste at for vassleidningar og kloakkleidningar var det nytta 40 års avskrivningstid. For reinseanlegg og UV – anlegg var det nytta 20 års avskrivningstid og for køyretøy var det i stor grad nytta 10 års avskrivningstid. Kommunen har derfor følgd anbefalingane til rettleiar mht. avskrivningstid.

Ein fekk tilbakemelding med teknisk ingeniør at ein vurderer alle nye tekniske installasjonar over bakken til å ha ei levetid på 20 år. Dette er basert på erfaringar som viser at før det har godt 20 år er ofte reinsekrav endra og det har kome betre og meir moderne teknologi. Når det gjeld rør i bakken legg ein disse no med tanke på at dei skal ligge i 100 år.

6.4.2 Vurdering- avskrivningstid

Historisk anskaffelsekost skal nyttast ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla. Investeringstilskot/anleggsbidrag skal trekkjast frå anskaffingskostnaden ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla. Kommunen ser derfor ut til å ha følgd retningslinjene for sjølvkost når det gjeld berekning av avskrivingsgrunnlaget.

Gjennomgang av anleggsoversikta viste at kommunen har gjort ei vurdering i høve avskrivningstid og har følgd anbefalingane i høve rettleiar.

6.5 Sjølvkostfond

6.5.1 Revisjonskriterium

Kommunen skal sette av overskot frå sjølvkostrekneskapen til bundne driftsfond (sjølvkostfond). Eit negativt resultat (underskot) skal reknast mot sjølvkostfondet i den grad det er midlar på fondet. Eit negativt sjølvkostresultat (underskot) kan berre framførast mot framtidige overskot dersom gebyrområdet gjennom lov eller kommunestyre har gjort vedtak om.

Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader slik at gebyra kan vere relativt stabile over tid. Kommunen skal ivareta sjølvkostprinsippet over tid, og kommunen skal sjå til at gebyrinntektene over tid ikkje overstig kostnadane for å samla i eit 3- 5 års perspektiv.

Kvart sjølvkostområde skal ha sitt eget sjølvkostfond. Midlar på eit fond for eitt gebyrområde kan ikkje nyttast (midlertidig) korkje i sjølvkostrekneskapen eller årsbudsjettet/årsrekneskapen til å finansiere årets underskot på eit anna gebyrområde. Sjølvkostfondet kan ikkje nyttast direkte til finansiering av investeringar, men indirekte via auke i rente/avdrag på investeringar.

Kommunen skal rekne ut kalkulatoriske renter av sjølvkostfonda. Av retningslinjene framgår det at:

«På avsatte midler til selvkostfond legges det til kalkulatoriske renter som skal reflektere alternativavkastningen brukerne går glipp av ved at midlene er bundet i selvkostfond. Kalkylerenten settes lik 5-årig swaprente, med et tillegg på ½ prosentpoeng, jf. avsnitt 6.6. Beregningsgrunnlaget vil være gjennomsnittlig beholdning det enkelte år. Selvkostfondets kalkulatoriske renter er lik beregningsgrunnlaget multiplisert med kalkylerente.»

For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) være tilbakeført til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Kommunen skal ikkje sette av midlar til et sjølvkostfond same år som dei bruker av eit sjølvkostfond.

Retningslinjene opnar for at kommunen kan ha eit lengre tidsperspektiv enn fem år. Kommunen må vurdere ut frå lokale forhold om det er faglig grunnlag for å strekke perioden for tilbakeføring av overskot ut over fem år. Kommunen må i slike tilfelle grunngi og dokumentere sitt val.

Renteinntekt/rentekostnad på sjølvkostfond

På avsette midlar på sjølvkostfond skal det i høve til berekningane i sjølvkost til leggjust ei rente på sjølvkostfonda. Denne renta skal reflektere alternativkostnaden brukarane går glipp av. I ny rettleiar som kom i 2014 går det fram at det skal nyttast 5-årig SWAP-rente med et tillegg på ½ prosentpoeng.

I retningslinjene går det fram at inntektene over ei 3-5 års periode ikkje skal overstige kostnadene for tilsvarande år. Det vil derfor kunne oppstå overskot eller underskot kvart enkelt år. Overskot skal avsettast til fond og inntektsførast seinare år.

Eit overskot inneberer at brukarane av den enkelte teneste har innbetalt meir enn det tenesta kosta. Dersom brukarane hadde plassert pengane i bank i staden for å innbetale overskotet, ville dei ha fått ei renteavkastning. Retningslinjene sier at kommunen bør kompensere brukarane for det rentetapet dei vert påført ved å binde kapital i kommunen.

Underskot skal dekkast inn over kommunen sitt rekneskap det året det påløper, men skal likevel finansierast gjennom auka gebyrinntekter påfølgjande år. Renter på framført og akkumulert over- eller underskot skal bereknast etter tilsvarande sats som kalkylerente på investert kapital i anleggsmidlar.

6.5.2 Fakta - Handtering av fond tilhøyrande VA-området

I kommunen sitt rekneskap er det oppretta eigne fond innanfor VA-tenestene (konto 25199090 «Kommunalteknisk avdeling – bundne driftsfond» Fonda er inndelte på prosjekta «700968 Driftsvond volda kommune kloakk» og «701151 Driftsfond volda kommune vassverk». Fonda sine bevegelsar dei siste åra går fram i tabellen nedanfor:

Avløp	2014	2015	2016	2017
Sjølvkostfond 01.01	9 564 662	6 824 403	3 783 325	148 139
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	-2 740 259	-3 041 078	-3 635 186	256 687
Sjølvkostfond 31.12	6 824 403	3 783 325	148 139	404 826
Vatn	2014	2015	2016	2017
Sjølvkostfond 01.01	592 235	1 278 573	645 275	1 264 062
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	686 338	-633 298	618 789	814 516
Sjølvkostfond 31.12	1 278 573	645 275	1 264 062	2 078 578

Avløp:

Ein registrerar at kommunen hadde eit sjølvkostfond på 9 564 662 kr ved inngangen til 2014. Fondet blei redusert i perioden 2014-2016 og var ved inngangen til 2017 på 148 139 kr. I 2017 auka fondet og pr 31.12.17 var fondet på 404 826 kr.

Vatn:

Kommunen hadde eit sjølvkostfond knytt til vatn på 592 235kr den ved inngangen til 2014. Kommunen hadde eit positivt resultat i 2014 og ved inngangen til 2015 var fondet på 1 278 573 kr. Kommunen brukte av fondet i 2015 og pr 31.12 15 var fondet nede i 645 275 kr. Fondet auka i 2016 og 2017 og pr 31.12.17 var fondet på 2 078 578 kr.

Ein har gått i gjennom sjølvkostfonda på vatn og avløp og kontrollert at desse har vore renteberekna og at det har vore nytta korrekt rente i høve rettleiar (oversikta ovanfor). Nedanfor er ei oversikt over renteberekninga dei siste 4 åra (2014-2017). I Volda kommune registrerar ein at grunnlaget for renteberekninga har vore gjennomsnittleg behaldning det enkelte år $((IB+UB)/2)$, noko som er i samsvar med rettleiaren.

Nedanfor går det fram ei oversikt som viser renteberekninga og kalkylerenta som kommunen har nytta. Øvste rad viser gjennomsnittleg behaldning som har vore grunnlaget for renteberekninga. Deretter går det fram dei rentekostnadane som kommunen har lagt til eller belasta fondet. Tala er henta frå økonomisystemet Agresso. Tabellen viser også rentesatsen kommunen har nytta og kalkylerenta frå Norges bank.

Vatn	2014	2015	2016	2017
Rentesats Norges bank	2,68	1,94	1,68	1,98
Gjennomsnittleg behaldning (grunnlag for renteberekning)	923 035	952 682	946 062	1 655 459
Renter tillagt fondet i rekneskapan	24 737 kr	18 482 kr	17 211 kr	31 722 kr
Estimerte renter som skulle vore tillagt fondet basert på rentesatsar frå Norges bank	24 737 kr	18 482 kr	15 894 kr	32 778 kr
Diff renter belasta og estimerte renter basert på rentesatser frå Norges bank	0	0	1327 kr	1006 kr

Avløp	2014	2015	2016	2017
Rentesats Norges bank	2,68	1,94	1,68	1,98
Gjennomsnittleg behaldning (grunnlag for renteberekening)	8 086 177	5 252 911	1 948 733	273 773
Renter tillagt fondet i rekneskapen	216 710	101 906	33 999	5 420
Estimerte renter som skulle vore tillagt fondet basert på rentesatsar frå Norges bank	216 710	101 906	32 739	5 420
Diff renter belasta og estimerte renter basert på rentesatser frå Norges bank	0	0	1 260 kr	0

Som det går fram av tabellen hadde kommunen nytta kalkylerenta til Norges bank dei fleste åra. Ein registrerte eit mindre avvik mellom rentesatsane nytta i 2016 for dei to fonda og i 2017 for fondet på vatn. Dette utgjorde ca. mellom 1000 - 1300 kr noko som er uvesentleg.

6.5.3 Vurdering

Sjølvkostfondet har som oppgåve å handtere svingingar i inntekter og kostnader slik at gebyra kan haldast meir stabile, f.eks. som følgje av investeringar som vil auke kapitalkostnadane. Det går fram av rettleiar at sjølvkostfondet skal gå i balanse i løpet av ei 3-5 års periode. Kommunen hadde opparbeidd seg eit relativt stort avløpsfond i 2014 men kommunen har siste åra bruk av fondet slik rettleiar tilseier og gjekk tilnærma i balanse i 2017. Fondet for vatn har halde seg relativt stabilt og på eit akseptabelt nivå siste åra. Kommunen har i dag ikkje vesentlig store sjølvkostfond og sidan fonda ikkje har akkumulert seg og nærmast gått i balanse i løpet av kontrollperioden har kommunen ivareteke generasjonsprinsippet i stor grad mht. tilbakeføring av overskotet til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år.

Kommunen har renteberekna VA-fonda i kontrollperioden 2014 til 2017. Ein registrerte uvesentlig avvik i 2016 og 2017 mellom renta kommunen hadde nytta og kalkylerenta utarbeida av Norges bank. Renta skal vere lik den alternativavkastninga innbyggjarane går glipp av ved at midlane er bunde i sjølvkostfondet.

7 Konklusjon

Gjennomgangen av sjølvkostområda viste at kommunen i stor grad har følgd lover og rettleiar. Ein har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som har resultert konkrete anbefalingar som kommunen må følgje opp, men ein vil kommentere to område kommunen kan vurdere:

- Kommunen bør nytte annen konto for fordelt lønn.
- Kommunen bør vurdere om alle kostnader som vert definert som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.

8 Rådmannen sin kommentar



Hei!

Eg syner til utkast til forvaltningsrevisjonsrapport for sjølvkost vatn og avløp. Revisjonen har gått grundig inn i temaet og rapporten er interessant lesnad. Det er vidare interessant at de gjer samanlikningar mellom kommunar for at vi kan lære av kvarandre. I konklusjonen vert det peika på at vi bør nytte anna konto til fordelt løn. Dette har vi endra på tidlegare i år ved at løn vert ført som løn, og fordeler timar berre på prosjekt utanom VA-området. Rapporten stiller spørsmål om vi har internkostnader som i større grad bør belastast sjølvkostområdet for VA. Vi vil ta ein gjennomgang av dette i samband med budsjettarbeidet for 2019. Oppsettet over korleis nabokommunane vurderer internkostnader kan her vere ein god rettleiar i dette arbeidet.

 **Rune Sjurgard**
 Rådmann
 Rådmann
 Mobil 90053752
www.volda.kommune.no